

Olje- og energidepartementet
Akersgata 59
0033 Oslo

Innspel til NVE sitt framlegg til nasjonal ramme for vindkraft på land

Med frist 01.10.19 har Olje- og energidepartementet (OED) lagt nasjonal ramme for vindkraft på land ut på høyring. Departementet ønskjer innspel til NVE sitt framlegg og til om det bør fastsetjast ei nasjonal ramme for vindkraft i Noreg.

Naturvernforbundet Nordhordland (NVN) ønskjer å koma med innspel i høve delområde Nordhordland og Gulen. Området har følgjer for kommunane Lindås, Masfjorden, Gulen og Høyanger med eit ikkje ekskludert areal på 375 km² av totalt 1040 km², dvs. at 36 % av arealet ikkje er ekskludert. Utbyggingsaktuelle område inkluderer store delar av Fjonfjella inkludert landemerket Ådneburen (Kisto), Stølsheimen vest for Stordalen, fjellområda vest og aust for Verklandshøgda inkludert Skarpefjellsnakk, og dessutan Øksefjellet og kyst- og fjordfjella i Gulen, m.a. Dalsbotnfjellet ved innløpet til Sognefjorden.

Landskap

Landskapet i delområdet er kupert med fjellryggar og fjellplatå som ligg eksponerte mot dalføra og fjordane rundt, først og fremst Austfjorden, Masfjorden, Fensfjorden, fjordane i Gulen og innløpet til Sognefjorden. Influensområdet til tiltak i fjella vil vera langtrekkande og ha store negative konsekvensar for landskapsopplevinga i delområdet og i fjordane rundt. Konfliktpotensialet er høgt.

I forslaget til nasjonal ramme seier NVE at «Fjonfjella sørvest i området er et sammenhengende naturområde med urørt preg som er viktig for det lokale friluftslivet». Vidare: «Områdets nordlige grense går langs den ytre delen av Sognefjorden. Sognefjorden er av nasjonal verdi, som verdens lengste isfrie fjordsystem, og er profilert som en av de mest berømte fjordene i Norge, med spektakulær natur, trange fjordarmer og populære fotturområder».

NVH meiner NVE sine vurderingar logisk ekskluderer både fjellområda langs Sognefjorden, m.a. Dalsbotnfjellet, og Fjonfjella frå den nasjonale ramma. Når det gjeld Fjonfjella, vil NVH presisera at området utgjer det største inngrepsfrie naturområdet i Hordaland nord for Hardangerfjorden og at området i i det regionale planverket til Hordaland fylkeskommune vert klassifisert som «sårbar høg fjellsområde av stor verdi». Gjennom Fjonfjella ned mot Osterfjorden renn dessutan det verna Eikefet-vassdraget.

Fjellområda aust og vest for Verklandshøgda og sørvestover mot Øksefjellet og Sleirsfjellet vert drenert av Yndesdalsvassdraget, som er eit varig verna vassdrag. Omsynet til vernet må etter NVH sitt syn føra til at desse fjellområda vert ekskluderte frå utbygging.

Naturmangfald

I framlegg til nasjonal ramme understrekar NVE at «fuglelivet i fjellområdene er lite kartlagt». Dette er òg eit gjennomgåande trekk i mykje av konsesjonshandsaminga av vindkraft langs kysten.

I eit usedvanleg krast brev til Olje- og energidepartementet (OED) tek Fylkesmannen i Vestland i august 2019 eit kraftig oppgjær med det faglege grunnlaget vindkraftkonsesjonar og andre planar knytte til vindkraft kvilar på, der fugletrekk og omsyn til naturen vert neglisjert og bagatellisert.

Kritikken vert særleg retta mot prosjektet på Lutelandet, men har og relevans for konsesjonar i Bremanger og på Guleslettene, der store mengder fuglar trekkjer over land. Kritikken bør også få følgjer for vurderinga av dei kystnære fjellområda i Nordhordland og Gulen.

Av omsyn til trekkfugl, hekkande fugl som hubro, ørn, hønsefuglar (fjellrype, lirype og orrfugl) og andre sårbare artar som flaggermus må difor føre var-prinsippet gjelda i delområdet. Kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt og konfliktpotensialet høgt.

Friluftsliv

I framlegget sitt nemner NVE friluftsliv som eit særleg konfliktområde. NVE meiner likevel at det er eit «lavere konfliktnivå i dette delområdet enn i store deler av landet». NVH er usamd i denne vurderinga og meiner ho ikkje er kunnskapsbasert. NVH meiner konfliktpotensialet er svært høgt.

Store delar av det ikkje-ekskluderte området er nytta til friluftsliv lokalt, men òg regionalt. Det gjeld i sær Fjonfjella, fjella rundt Dyrkolbotn og fjella vest for Stordalen. Områda er bygd ut med turløyper og turisthytter. Stordalen er det største hytteområdet i Nordhordland og med DNT-merka stiar og skiheis inn i utbyggingsområdet for vindkraft det er gjort framlegg om. I det regionale planverket og hos Fylkesmannen er Fjonfjella rundt turisthytta Kalvedalen og leirskulen og overnattingsstaden i Dyrkolbotn klassifisert som «regionalt friluftsområde av stor verdi».

I Gulen er både fjellet rundt Verklanshøgda, Dalsbotnfjellet og fjella nordover frå Eivindvik mot Sognefjorden tilrettelegte og mykje nytta til friluftsliv, ikkje minst av barnefamiljar. Det same gjeld området rundt Sleirsfjellet i Masfjorden og fjellet austover frå Kjelby mot Austgulstølen i Gulen. Fjellområda gjev viktige tilskot til naturoppleving og folkehelse som omfattande vindindustri i stor grad vil riva grunnen under.

Reiseliv

«Tall for kommersielle overnattingar sammenlignet med innbyggertall viser at reiselivsnæringa kan vere viktig for kommunene rundt Sognefjorden» seier NVE i framlegget sitt. NVH vil nemna at det òg gjeld kommunane i Nordhordland.

For reiselivet er det urørte landskapet, naturmangfaldet og det opplevingsbaserte friluftslivet det største trekkplasteret i delområdet. For mange små lokalsamfunn som Dyrkolbotn, Stordalen, Dalsøyra, Skjerjehamn, Eivindvik og Dingja gjev ulike reiselivsaktiviteter og hytteanlegg knytte til fjell og sjø tiltrengte inntekter og arbeidsplassar. Nedbygging med vindkraft vil i stor grad vera øydeleggjande for vidare satsing. Det er ikkje tilfeldig at koalisjonen mellom lokalbefolkning og hyttefolk i kampen mot vindkraft i mange kommunar er sterk. Konfliktpotensialet er stort.

I eit større nasjonalt perspektiv er innløpet til Sognefjorden landskapsmessing viktig både for cruisetrafikken og turisttrafikken elles på sjø og land, t.d. på ferjene over Sognefjorden og hurtigbåtane, og for overnattingsgjester og fotturistane. Dette vert og framheva av NVE når dei i framlegget seier at «Sognefjorden er av nasjonal verdi, som verdens lengste isfrie fjordsystem, og er profilert som en av de mest berømte fjordene i Norge, med spektakulær natur, trange fjordarmer og populære fotturområder».

Ei slik vurdering skulle aleine tilseia eksklusjon av fjellområda langs innløpet til Sognefjorden, m.a. Dalsbotnfjellet. Konfliktpotensialet med det nasjonale reiselivet er etter vårt syn svært stort.

Eksklusjon av Fjonfjella

NVE opnar i framlegget for å ekskludera Fjonfjella frå delområdet. I høyringsrapporten heiter det: «Samtidig har det kommet mange innspill om Fjonfjella, og dersom det legges mer vekt på interesser knyttet til friluftsliv og sammenhengende naturområder i dette området, kan det vurderes å flytte områdegrensen nordover.»

Kunnskapsgrunnlaget i det regionale planverket og hos Fylkesmannen (sårbart høg fjellsområde av stor verdi og regionalt friluftsområde av stor verdi) gjev solid fagleg grunnlag for å ekskludera Fjonfjella inkl. området rundt Dyrkolbotn frå den nasjonale ramma. Fjonfjella er som nemnd over, det største inngrepsfrie naturområdet i Hordaland nord for Hardangerfjorden, og det verna Eikefetvassdraget drenerer store delar av fjella.

Samstundes vil NVN peika på dei same argumenta som NVE nyttar for å vurdere eksklusjon av Fjonfjella (friluftsliv og samanhengande naturområde) er gyldige for storparten av fjellområda elles i Nordhordland og Gulen. I kystfjella kjem i tillegg konflikt med trekkfugl. Ikkje berre Fjonfjella, men heile fjellområdet i delområdet må difor ekskulderast.

Konklusjon

På grunn av høgt konfliktpotensiale i høve landskap, naturmangfald, friluftsliv og reiseliv krev Naturvernforbundet Nordhordland at delområde Nordhordland og Gulen vert ekskludert frå nasjonal ramme for vindkraft på land. I tillegg til høgt konfliktnivå er kunnskapsgrunnlaget mangelfullt. Det fører til at viktige miljø- og samfunnsinteresser som talar mot vindkraft, ikkje vert vektlagte.

Som konsekvens av ekskludering krev Naturvernforbundet Hordaland at alle pågåande konsesjonsprosessar i Nordhordland og Gulen vert stoppa og skrinlagte og at klager til OED mot utbygging av Dalsbotnfjellet vert tekne til følge.

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland